

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest

**DATO:** 26.09.2018  
**SAKSHANDSAMAR:** Administerande direktør Jon Bolstad, fagdirektør Christer Bakke Frantzen

**SAKA GJELD:** **Innspel til ny plan for internrevisjon i Helse Vest (2019-2020)**

**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** 029/18

**STYREMØTE:** **03.10.2018**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret går inn for at revisjon på områda «Tilverking av legemiddel i sjukehusavdeling» og «Legemiddel og væskeberedskap i Helse Vest» blir spelt inn til Regional plan for internrevisjon i Helse Vest (2019-2020).

## Oppsummering

Internrevisjonen i Helse Vest har invitert føretaka til å kome med innspel til regional plan for internrevisjon (2019-2020). Frist på innspel på tema med korte grunngjevingar er 15. november 2018.

Som innspel til Internrevisjonen, Helse Vest RHF til *Regional plan for internrevisjon (2019-2020)* foreslår adm.dir følgjande:

**1. Tilvirking av legemidlar i sjukehusavdeling.** Revisjonen må spesielt vere merksam på kva legemidlar som blir produsert i sjukehusavdelingane, risikofaktorar og føresetnader for slik produksjon.

Bakgrunn for val av tema er at dette har vore gjenstand for risikovurdering i helseføretaka etter revidert forskrift om legemiddelhandsøtering i 2015, med presiseringar i rundskriv IS-7 2015 (Legemiddelhandsøteringsforskriften).

Dette prosjektet blei og spelt inn til revisjonsplan for fagrevisjonar i Pasienttryggleiksprogrammet i Helse Vest for 2018-2019, men vart ikkje inkludert då.

## 2. Legemiddel- og vøskeberedskap i Helse Vest.

Tilgjenge av legemiddel når dei trengst (legemiddelberedskap) er sentralt ledd i pasientbehandlenga. Legemiddelmangel har vore eit aukande problem dei siste åra, og det er ikkje utsikter til at utfordringane vil bli mindre på dette området. Sjukehusapoteka Vest og helseføretaka har ulike oppgåver knytt til legemiddelberedskap i Helse Vest.

Bakgrunn for val av tema er m.a. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) sin risikovurdering på området (2018) og arbeid med revisjon av regionalt beredskapsplanverk.

## Fakta

Styret i Helse Vest vedtar plan for den regionale internrevisjonen etter innstilling frå revisjonsutvalet. I arbeidet med oppdatert plan for 2019-2020 blir det henta inn innspel frå dei ulike føretaka. På denne måten søkjer ein å involvere styre og administrativ leiing for å etablere eit best mogleg plangrunnlag.

Instruksane til internrevisjonen og revisjonsutvalet er å sjå nærare på om føretaksgruppa oppfyller krav til *målretta og kostnadseffektiv bruk av ressursar; påliteleg styringsinformasjon; etterleving av regelverk; eigarkrav og eigne vedtekne krav, samt oppfølging og læring av feil og avvik rapportert frå interne og eksterne tilsyns- og kontrollinstansar.*

I Helse Vest sin revisjonsplan for 2018-2019 blei det tatt med fire nye prosjekt under tema HELSETENESTER:

- Uønska variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern
- Bruk av tvang i psykisk helsevern
- Administrasjon av pasientar på venteliste
- Bruk av avtalespesialistar

Under tema PERSONAL OG ORGANISASJON (HR) og TEKNOLOGI er to prosjekt frå plan 2017-2018 rullert vidare i plan 2018-2019, hhv.:

- Internkontroll og risikostyring
- IKT-tryggleik

Elles blei ingen nye prosjekt tatt inn i planen for 2018-2019.

## **Konklusjon**

Administrerende direktør ser det som viktig at arbeidet til internrevisjonen vert sett over fleire år og at innsatsområda understøttar arbeidet i føretaka på ein slik måte at kunnskapen frå revisjonsaktivitetane kan nyttast til vidare utvikling. SAV vurderer alle eksisterande områder i planen som relevante for internrevisjonen og revisjonsutvalet sine instruksar, men tillater oss å spele inn eit nytt revisjonsområde for legemiddel tilverking og eit for beredskap.

---